



Stiftelsen D/S Stord I



Org. nr. 889 955 732

Bergen, 25.10.2016

Vedlegg til søknadsskjema: Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy.

SØKNAD OM TILSKOT TIL FORVALTNING OG DRIFT AV D/S STORD I FOR 2016

1. Kulturminne i bruk

Stiftelsen D/S Stord I har som mål at D/S Stord I skal vera eit maritimt kulturminne i bruk. Me meiner beste måten å ta vare på skipet, er ved å ha det i bruk som seglande veteranskip. Formidling av kulturminnet kan og best gjerast ved at folk reiser med skipet som passasjerar og då gjerne i tidlegare rutedistrikt.

Bruk av D/S Stord I som seglande maritimt kulturminne skjer i to former:

- A.) Opne passasjerturar med billettsal
- B.) Leigeturar/charterturar for firma, privatpersonar, lag og organisasjonar

2. Sertifisering av skip og mannskap.

Sjøfartsdirektoratet har tildelt veteranskipet «Stord I» passasjersertifikat for 99 passasjerar. Til grunn for tildeling ligg at skipet stettar alle krav som Sjøfartsdirektoratet generelt set til passasjerfarty av denne storleik. Krava gjeld tryggleik knytt til; sjødyktighet, branntryggleik, redningsutstyr for passasjerar og sertifikatkrav til tekniske innretningar.

Sjøfartsdirektoratet har sett krav til tryggleiksbemanning på «Stord I». Mannskap som inngår i tryggleiksbemanninga må ha godkjente tryggleikskurs. Heile besetninga om bord, som og omfattar restaurasjonen, må ha kurs i passasjer og krisehandtering.

3. Bruk fordelt på opne turar og leigeturar.

Stiftelsen har god røynsle frå drift av «Stord I» som passasjerskip i 4 sesongar frå 2013. På opne turar møter ein eit breitt publikum – norske og utanlandske, gamle og unge. Historiske turar som den me kalla «Å reise i gamle dagar/Bergen Heritage Tour» der D/S Stord I, Gamle Vossabanen og veteranbussar saman utgjorde ei rundreise Bergen/Holbergskaien – Garnes –Midttun-Holbergskaien, var svært populær i 2016. Elles viser det seg at opne turar får best belegg når dei vert arrangert saman med festivalar i Bergen eller i distriktet, som Torgdagen, Tysnesfest, Etnemarknaden, felles 2. pinsedagstur, arrangement under Kystsogevøkene. Planen er å få til samarbeid med fleire festivalar som t.d. Hardanger Musikkfest.

D/S Stord I har ein marknad som vil leiga skipet til markeringar av åremålsdagar, organisasjons- og firmamarkeringar. Denne marknaden kunne teke meir av skipet sin kapasitet, men Stiftelsen er medviten på at opne turar er mest i tråd med «Stord I» som maritimt kulturminne.

4.Kva kan støttast

Budsjett og rekneskap for eit driftsår for D/S Stord I kan grupperast i følgjande utgiftskategoriar:

- a). Pålagde kostnader for sjøklart skip og forretningsmessige krav.
- b). Driftsavhengige kostnader.
- c). Finansielle kostnader (renter og avdrag på lån)

Stiftelsen driv D/S Stord I med dugnadspersonell. Det vert ikkje betalt løn, men besetninga har fri kost under seglingar og får dekkja personlege reisekostnader knytt til mønstring. Likevel ville ikkje Stiftelsen kunna ha drive «Stord I» om ikkje Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og private organisasjonar gav tilskot til skipet.

Seglingane genererer inntekter frå billettsal og leigeinntekter i tillegg til omsetning i restaurasjonen. Desse inntektene dekker driftsavhengige kostnader og deler av pålagde kostnader.

Finansille kostnader, renter og avdrag, vert det søkt Hordaland fylkeskommune om å få dekkja over tilskotsposten til fartøyvern. Årlege utgifter til renter og avdrag er kr. 510 000. Etter nedbetalingsplanen vil lånet vera nedbetalt pr. 15.06.2021.

Utdrag frå rekneskapen pr. 19.10.2016

Kontonr.	Type utgift	Utgift
	Sjøklart skip:	
6698/7510	Forsikringspremier, båt, passasjerar, besetning	180 000
6699	Alarm og vakthaold	3 000
6518	Redningsutstyr, service	96 500
6692	Sikkerhetssertifikat samband	6 000
5911	Mønstringskostnader, kurs og legeattestar	180 000
6690	Reparasjon og vedlikehold	180 000
	Forretningsmessige krav:	
6700	Revisjonshonorar	20 000
6701	Regnskapshonorarer	10 500
	Sum	676 000

	Seglingskategoriar:	Fordeling
	Opne turar – 18, søknadsgrunnlag 2016	392 000
	Utleige - 13	284 000
	Sum	676 000

Stiftelsen D/S Stord I søker om kr. 392 000 i tilskot til forvaltning og drift av D/S Stord I for 2016

For Stiftelsen D/S Stord I


Harald Kvinge
Styreleiar/dagleg leiar